



## Møtebok til møte 2 i ungdomsstyret i Ryfylke

Tid: Fredag 06. september 2024, kl. 14:30 – 19.00

Stad: Ryfylke Fjordhotell, Verven 9a, 4230 Sand

**Deltakarar:**

Ingrid Fatnes, rep. Sauda kommune  
Martine Hocking, vara Sauda kommune  
Johanne Klungtveit Næsje, rep. Suldal kommune  
Nora Østerbø, vara Suldal  
Joel Nag, rep. Strand kommune  
Anne Bratthammer, rep. Strand  
Tiril Espedal, rep. Sandnes kommune  
Brede Krogedal, vara Sandnes kommune  
Peder Krokedal, rep. Hjelmeland kommune  
Øyvind Opdahl Viga, vara Hjelmeland (teams)  
Gabriel Havrevold, vara Strand (teams)  
Eivind Hustveit, rep. Sauda (teams)  
Elise Svæven Oaland, rep. Hjelmeland (teams)

**Forfall:**

Maja Kristin Janson Jordal, vara Sauda  
Johan Kilane, vara Suldal kommune  
Arin Eriksønn, rep. Suldal  
Marte Hovda, vara Hjelmeland kommune  
Malene Hatteland, vara Strand kommune

**I tillegg møtte desse:**

Nina Fjellskaalnes, Ryfylke IKS  
Einar Schibevaag, Ryfylke IKS  
Wictor Juul, Ryfylke IKS  
Laila Steine, Næringshagen i Ryfylke  
Egil Hollund, Næringsforeningen i Stavanger  
Andreas Fløgstad, Sauda kommune  
Maria Salem, Ryfylkemuseet (teams)  
Ingeborg Frøystad, student i Adresse Sauda prosjekt (teams)  
Maria Flesjå Sivertsen, Ryfylkealliansen (teams)

**RYFYLKE**

Ein attraktiv region der  
folk vil bu og arbeide



## Saksliste

<b>Sak 05/24</b>	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>	2
<b>Sak 06/24</b>	<b>Framlegg av økonomi og handlingsplan</b>	2
<b>Sak 07/24</b>	<b>Møteplan for 2024</b>	3
<b>Sak 08/24</b>	<b>Vidareutvikling av sommarjobben.no</b>	3
<b>Sak 09/24</b>	<b>K-LAB</b>	4
<b>Sak 10/24</b>	<b>Ryfylketreff for ungdom 2025</b>	4
<b>Sak 11/24</b>	<b>Korte presentasjoner</b>	4
<b>Sak 12/24</b>	<b>Eventuelt</b>	5

### **Sak 05/24 Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Vedtak:**

Styret godkjenner innkalling og saksliste.

### **Sak 06/24 Framlegg av økonomi og handlingsplan**

Det vart lagt fram eit forslag til handlingsplan og budsjett for arbeidet til ungdomsstyret dei neste to åra. Styret ønskjer at det skal opprettast ei stilling i Ryfylke IKS for å arbeida med gjennomføringa av handlingsplanen, og dessutan fungera som kontaktperson for ungdomsstyret. Det er søkt om midlar til å finansiera denne stillinga, og Ryfylke IKS vil kunngjera stillinga når det blir løyvd midlar.

#### **Vedtak:**

1. Styret godkjenner arbeidsutvalet sitt forslag til handlingsplan og økonomi for ungdomsstyret 2024-2026.
2. Styret vil til neste styremøte komma med innspel til stillingsbeskriving til den stillinga som skal vera kontaktpunktet mellom ungdomsstyret og dei unge i Ryfylke IKS.

## Sak 07/24 Møteplan for 2024

### ▲ Vedtak:

Styret godkjenner møteplanen for 2024: 11.oktober kl.16:00 (teams-møte) og 3. desember kl.16:00 (teams-møte).

## Sak 08/24 Vidareutvikling av sommarjobben.no

Styret vart inndelt i grupper (etter kommune) og diskuterte følgande problemstillingar:

- *Korleis kan me få arbeidslivet i Ryfylke meir på ballen og engasjert i kandidatane som melder interesse?*
- *List opp 3-5 bedrifter frå di kommune som kunne vore spennande arbeidsplassar i eit slikt prosjekt. Kva slags sommarjobb kunne dei ha hatt der?*
- *Korleis kan bedriftene gjer seg til ein attraktiv arbeidsplass for deg?*

Gruppene kom med innspel til fleire arbeidsplassar i dei ulike kommunane som kan vera med i eit sommarjobb-nettverk.

### For å vera ein attraktiv arbeidsplass for studentar blir dette trekt fram som viktige punkt:

- Ungdom vil tidleg inn på arbeidsmarkete, og då er det viktig for deg å vera attraktiv
- Arbeidslivet må i større grad gi uttrykk for kva slags kompetanse dei treng eller kva slags behov dei har
- Det må vera utfordrande arbeidsoppgåver
- Viktig å føle at ein bidreg med noko
- Varierte arbeidsdagar
- God løn
- Spanande arbeid som gir vidare moglegheiter
- Jobb i lokalmiljøet er attraktivt i seg sjølv
- Ikke berre jobba åleine heile sommaren (arbeidsplassen er ein sosial arena)
- Få fram gode (eks. firmafestar, hytte, gratis trening, julebord, firmatur, GØY kompetanseheving (ikkje berre digitale PP-kurs), gratis kaffi/lunsj.
- Fleksibel arbeidstid
- Gode kompensasjonsmoglegheiter
- Arbeid er avgjerande for kvar ein busette seg

For å få med bedriftene i større grad meiner styret at ein burde oppsøke bedrifter *ein til ein* for å få innspel til kva dei treng, oppfordre til å lysa ut sommarjobbar og gå vekk frå praksisen om å tilby sommarjobbar til berre familie. Det må vera meir opent for alle. Sommarjobben.no bør hjelpe arbeidslivet til å bruke dei verktøyra som er tilgjengeleg.

Eit anna innspel er å presisere UTV-faget, då fagansvarleg i større grad burde snakke om dei moglegheitene som finst i ditt nærområde, få inn bedrifter frå lokalmiljøet. Fokus på kva slags utdanning du treng for å ha ei framtid der du bur.

#### ▲ Vedtak:

Arbeidsutvalet vil legge fram eit forslag til korleis ein kan gå vidare med innspela til neste styremøte.

## Sak 09/24 K-LAB

Einar Schibevaag informerte styret om arbeidet som er satt i gang med [Karrierelaboratoriet \(K-LAB\)](#).

#### ▲ Vedtak:

Ungdomsstyret stiller seg bak initiativet og skal involverast i arbeidet framover.

## Sak 10/24 Ryfylketreff for ungdom 2025

I samband med at det skal etablerast ein rekrutteringsarena/sosial møteplass for ungdom i Ryfylke 15.april 2025 vart det delt ut ei gruppeoppgåve. Representantane vart delt inn i fysiske og digitale grupper. Målet med oppgåva var å få innspel til korleis eit slikt arrangement kan bli eit spennande arrangement for ungdommar og studentar i alderen 16-30 år.

Egil Hollund i Næringsforeningen i Stavanger la fram oppgåva og styrte leia opplegget. Gruppene presentere løysingar til eit todelt program (dag og kveld) med innspel til underhaldning, namn, fagleg innhald, sosiale aktivitetar og korleis arbeidslivet bør presentere seg for å gjera seg attraktive.

#### ▲ Vedtak:

Arbeidsutvalet går gjennom innspela og kjem med eit framlegg til program og budsjett til neste styremøte.

Ryfylke IKS vil undersøke kva slags underhaldning som er mogleg å booke inn.

## Sak 11/24 Korte presentasjonar

Det vart invitert med fleire aktørar frå Ryfylke til å presentera seg og fortelja om det dei arbeida med.

- **Laila Steine frå Næringshagen i Ryfylke** presenterte «Ung Rekruttering» og «Læring i Næring» for ungdomsstyret. Gjennom tett samarbeid med arbeidsliv og skular i indre Ryfylke har det blitt utforma eit opplegg for 9. og 10. trinn som gir ungdom betre kjennskap til lokalt arbeidsliv. Det blir arrangert bedriftsbesøk og informasjonsdagar for

elevane, samt foreldremøte for å involvere foreldre. På 10.trinn får ungdommar øva seg på å skrive jobbsøknadar og CV-ar. Arbeidslivet får presentere kva slags behov dei vil ha i framtida. Næringshagen i Ryfylke sender nyheitsbrev 3-4 gangar i året til utflyttarar med informasjon frå Suldal, og på den måten halde kontakt. Dette er opplegg med gode resultat som kan utvidast til fleire kommunar.

- **Andreas Fløgstad frå Sauda kommune** presenterte bakgrunn til «Adresse Sauda» som Sauda no har jobba med i 17 år. Det er eit samarbeid mellom kommunen, NAV, Sauda vekst og det lokale arbeidslivet. Det har blitt jobba med å lage treffpunkt for ungdom og studentar i Sauda med mål om nettverksbygging og å visa fram arbeidsmoglegheiter i Sauda. Det har også tidlegare blitt jobba med å samle kontaktinformasjon frå ungdommar slik at det er mogleg å halde kontakt med dei unge etter at dei har flytta ut. Opphavleg var dette eit initiativ frå arbeidslivet då dei har ein eigen interesse i å få tilgang på arbeidskraft og kompetanse. I 2023 starta dei opp med eit sommarjobbprosjekt (etter metode frå Sildikon Valley), der dei største arbeidsgivarane i Sauda gjekk saman i ei felles utlysing og søkte etter studentar med ulik kompetanse som kan ta på seg eit prosjekt i 6 veker. Jobbane var ikkje knytt ti drift, men gjekk på utvikling. 15 studentar fekk tildelt sommarjobb. I 2023 var det 20 søkerar og i 2024 var det 200 søkerar, med og utan tilhøyring til Ryfylke.
- **Ingeborg Frøystad, student i Adresse Sauda** sitt sommarjobbprosjekt stilte på teams. Det vart vist ein video som handla om opplegget, arbeidet og dei sosiale aktivitetane i prosjektet.
- **Maria Flesjå Sivertsen frå Ryfylkealliansen** fortalte kort om historikk og om kva Ryfylkealliansen jobbar med, med spesielt fokus på ungdomsarbeidet. Dei har 175 medlemmar som er bedrifter og verksemder frå heile Ryfylke-regionen. Ryfylkealliansen jobbar for å fremja identitet, bulyst og verdiskaping i Ryfylke. «Ryfylkequiz» er ein event for alle åttande-klassingar der vinnarlaga i kvar kommune møtast til ein direktesendt finale. «Ryfylkepuls» er videosendingar med fokus på ulike tema og folk i kvar episode. «Ung ambassadør» består av fem ungdommar i alderen 17-25 år som kjem med innspel til Ryfylkealliansen sitt arbeid. Maria oppfordra også ungdomsstyret til å sende inn forslag til podcast og Ryfylkepuls-sendingar.

## Sak 12/24 Eventuelt

- Det kom inn eit innspel om å arrangere ein Ryfylke-pride.
- Ungdomsstyret vil ha ein eigen Instagram-konto der dei kan dele informasjon om arbeidet dei gjer. Ryfylke IKS vil opprette ein konto og tildele brukarar.

## Ungdomsstyret i Ryfylke

Ungdomsstyret består av medlemmar frå alle kommunane i Ryfylke. Styret skal vera ein viktig pådriver for å auka deltaking av unge i utviklinga av Ryfylke-regionen. Dette inkluderer å bidra til å byggja gode møtestader og å styrkja Ryfylke sin posisjon som ein attraktiv plass å bu og arbeide for ungdom.